

Kyrkjevalet 2019

4.2 Rettleiing til nominasjonskomiteen ved soknerådsval

Valstyret skal peike ut ein *nominasjonskomité* på minimum tre medlemmer som står for arbeidet med å skaffe kandidatar til soknerådet. Desse set opp forslag til liste, og sørger for at det blir ti forslagsstillarar som skriv under listeforslaget, jf. kirkevalggreglene § 6-1 (1).

Vi anbefaler at nominasjonskomiteen blir peika ut slik at den kan starte sitt arbeid *seinast* 1. mars 2019, men det er ikkje noko hinder for at den startar før. Då er det to månader til fristen for innlevering av listeforslag (30. april 2019). Oversikt over medlemmer i nominasjonskomiteen og dato for utpeiking skal registrerast i valmodulen.

Nominasjonskomiteen si oppgåve er å finne fram til interesserte personar som er villige til å gjere ein innsats. I dette arbeidet bør komiteen gå ut for å få innspel frå ulike hald om aktuelle personar som kan spørjast. Nominasjonskomiteen bør ikkje berre spørje dei aktive i kyrkjelyden, men forsøke å finne fram til nye personar.

Det er ikkje noko i loven som er til hinder for at tilsette i kyrkjelyden er valbare, jf. kirkeloven § 6 tredje og fjerde ledd. Tilsette kan altså stå på ei liste og bli valt inn i rådet.

På nettsida www.kirkevalget.no ligg forslag til vervebrosjyrar og anna materiell som kan nyttast når aktuelle personar skal spørjast. Dei fleste som blir spurt, har behov for kunnskap om kva eit slikt verv inneber, kva ein forpliktar seg til, kva som blir forventa av ein, kor ofte ein har møte, spørsmål om møtegodtgjering osv. Brosjyreteksten har ein generell karakter og må supplerast med informasjon om verksemda i den aktuelle kyrkjelyden og spesielle utfordringar i soknerådsarbeidet.

Mål for nominasjonsarbeidet

- Legge grunnlaget for god samansetning av soknerådet
- Finne fram til kandidatar som kan gjere ein god jobb
- Finne kandidatar som er villige til å ta på seg vervet
- Få fleire kandidatar enn sist (unntatt der ein hadde nådd maksimum tal på kandidatar sist)
- Få 20 prosent kandidatar under 30 år

I ein del sokn inneheldt lista færre kandidatar enn minimumskravet ved førre val. Det er eit mål for desse sokna å oppnå minimumskravet.

Nominasjonskomiteen sine oppgåver

Oppgåvene til Nominasjonskomiteen er å

- spørje kandidatar
- sette opp eit forslag til eit listeforslag med tilstrekkeleg mange kandidatar (talet på medlemmer + varamedlemmer til soknerådet er minimum – det dobbelte av minimumstalet er maksimum), og ev. kome med forslag til prioritering av lista (rekkefølge på kandidatane)

- skaffe dei opplysingane om kandidatane som er nødvendige på listeforslaget. Det er tilrådd at nominasjonskomiteen også skaffar opplysningar til presentasjon av kandidatane og skaffar eller få tatt bilde av kandidatane
- skaffe dei nødvendige forslagsstillerane, så det i alt blir ti forslagsstillerar

Medlemmene i nominasjonskomiteen, saman med dei andre forslagsstillerane, skal

- gjere den endelige prioriteringa av rekkefølga på kandidatane på listeforslaget
- overlevere listeforslaget og opplysingane om kandidatane til valstyret (soknerådet) innan 30. april 2019 kl. 12:00. Listeforslaget skal leverast på papir (sjå mal på <https://kirken.no/valg/skjema>).

Det er altså nominasjonskomiteen som set opp eit forslag til eit listeforslag, mens det er forslagsstillerane i fellesskap som gjer den endelige prioriteringa av rekkefølga på kandidatane på listeforslaget.

Leiaren i nominasjonskomiteen skal fungere som tillitsvalt for lista, og medlemmene i nominasjonskomiteen skal fungere som tillitsutval, med mindre nominasjonskomiteen bestemmer noko anna. Det inneber mellom anna at det er leiaren i nominasjonskomiteen som forhandlar med valstyret viss listeforslaget ikkje fyller krava, jf. kirkevalgreglene § 7-5 (3).

Kriterium for nominasjon til sokneråd

Nominasjonskomiteen og forslagsstillerane bør ta omsyn til ei rekke faktorar når dei set opp listeforslaget:

- *Kjønnsfordeling* – bør innehalde minst 40 prosent av kvart kjønn
- *Aldersrepresentasjon* – spreiing i alder, kandidatar under 30 år (mål: 20 prosent)
- Ei rimeleg *geografisk spreiing*
- *Personlege eigenskapar*, kandidatane bør ha eit vanleg godt omdømme i kyrkjelyden
- Ulik *bakgrunn, erfaring og funksjonsevne*
- *Kontinuitet i soknerådet*. Ein bør forsøke å få med nokre erfarne medlemmer som er villige å stille til gjenvall. Ved siste val var ca. 85 prosent av medlemmene nye.

I kommunar med eit sokn har soknerådet dei funksjonar som elles ligg til kyrkjeleg fellesråd, jf. kirkeloven § 5 andre ledd. I desse sokna vil dei som blir valt inn i soknerådet også få ansvar for fellesrådsoppgåver. Det er viktig at det blir informert om dette til dei kandidatane som blir spurt om å stille til val.

Tal på kandidatar

| Tal på medlemmer som skal veljast | 4 | 6 | 8 | 10 |
|--|----|----|----|----|
| Minste tal på kandidatar (medl. pluss 5 varamedl.) | 9 | 11 | 13 | 15 |
| Maksimalt tal på kandidatar (dobbelt så mange) | 18 | 22 | 26 | 30 |